

Rettleiar for skulefråvær

Ein flytplan for oppfølging av skulefråvær, meint til læraren som står i fråværssaker.



Etne
kommune



VINDAFJORD
KOMMUNE



Førebyggjande arbeid

Tiltaksfase 1 startar når det er behov for systematisk oppfølging over tid. Målet er å skape felles forståing av eleven sin situasjon, setje tydelege mål og iverksetje tidlege tiltak i samarbeid mellom skule og heim.


Definisjon

Mykje av arbeidet i skulen er førebyggjande i seg sjølv. Samstundes er det viktig å følgje nokre prinsipp og retningslinjer for å sikra at arbeidet er effektivt og fangar opp det den er meint å fanga opp.

Førebyggjande arbeid omfattar tiltak som gjeld alle elevane i klassen.

Aktuelle tiltak

- Elevmedverknad
- Føreseieleg kvardag med struktur og rutinar
- Trygge relasjonar mellom lærar-elev og elev-elev
- Klasseleiing, klassereglar og rutinar
- Tidleg intervensjon – fang opp små teikn tidleg
- Fråværsregistrering og systematisk oppfølging
- Gode læringsmiljø
- Universell utforming – tilrettelegging for alle
- Godt skule–heim samarbeid



! Bekymringsfullt fråvær

Tiltaksfase 2 startar når tiltaka i fase 1 ikkje har hatt tilstrekkeleg effekt. Målet er å styrkje innsatsen gjennom tverrfagleg samarbeid, avklara ansvar mellom tenestar og vurdere behov for ytterlegare tilrettelegging eller alternative opplæringsløysingar.

Viktige teikn å vere OBS på

- Fråvær 1 enkelttime utan melding
- Forseintkoming, 3 gonger for seint per måned
- Fråvær 3 enkelttimar utan melding
- Høgt fråvær, meir enn 10 dagar i halvåret
- Eleven møter på skulen, men går igjen
- Eleven klagar over diffuse plager
- Det er eit mønster i fråværet (eksempelvis alltid måndagar, siste økt for dagen eller eit konkret fag)
- Endringar frå eleven sitt tidlegare mønster
- Eleven verkar uroleg eller har låg motivasjon i tillegg til fråvær

Aktuelle tiltak

Tiltaksfase 2 inneber ei forsterka **tverrfagleg innsats** når tiltak i fase 1 ikkje har gitt tilstrekkeleg effekt.

Skulen har framleis ei sentral rolle og koordinerer arbeidet gjennom blant anna ressursteam, i samarbeid med føresette, elev og aktuelle støttetjenester, som til dømes PPT. Målet er å justera og styrkja tiltak innanfor eksisterande rammer, avklara ansvar og vurdere behov for ytterlegare tilrettelegging eller alternative opplæringsløysingar.

Det er viktig å ha fokus på **elevmedverknad**, samt **dialog** mellom skule og heim. Skulen bør gjennomføre ei **pedagogisk analyse**, og **kartlegge** eleven sine behov. Resultata frå ei slik kartlegging vil vere sentral for vidare tilrettelegging med tanke på **oppmøteplanar**, **justering av timeplanar**, opprette kontakt med **nærværsløs** og/eller moglegheiter for **alternative læringsarenaer**.

Komplekst bekymringsfullt fråvær

Tiltaksfase 3 startar når det framleis er behov for meir omfattande eller samordna hjelp. Målet er å sikra heilskapleg oppfølging gjennom tett samarbeid mellom heim, skule og eksterne instansar, fram til eleven har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa og stabilt skulenærvær.



Viktig å vere OBS på

Kva tid er fråværet komplekst bekymringsfullt?

- Fråvær 25% av skuletida dei siste to vekene.
- Store vanskar med å gå på skulen eller delta i undervisning i minst to veker, der vegringa påverkar barnet eller familien sin kvardag i stor grad.
- Eleven har hatt meir enn 10 dagar eller 15% fråvær over dei siste 15 vekene.

Komplekst bekymringsfullt fråvær kjenneteiknast av omfattande eller langvarig fråvær som skuldast fleire samansette årsakar.

Skulen har fortsatt plikt til å gje opplæring (jf. Opplæringslova §2-2). Eleven skal få tilpassa undervisningsopplegg og oppfølging også når den er heime.

Aktuelle tiltak

Tiltaksfase 3 vert sett i verk når tiltaka i fase 2 ikkje fører fram, og det er behov for meir omfattande og langvarig oppfølging. I denne fasen blir innsatsen meir heilskapleg og tett samordna mellom skule, heim og eksterne instansar. Tiltaka kan omfatta vidare utgreiing og større endringar i opplæring og kvardag, og ansvaret for koordinering blir tydeleg avklart. Det skal utarbeidast ein tilbakeføringsplan i samarbeid med PPT. Arbeidet held fram over tid, med faste tverrfaglige møte, fram til eleven har stabilt oppmøte på skulen og tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Dette inneber at ein vektlegg **elevmedverknad** i den grad ein har moglegheit til dette, for å sikra at eleven får ein **føreseieleg** kvardag prega av **struktur** og **rutinar**. Det kan vera behov for ytterlegare **kartlegging** for å undersøka om det er andre faktorar ein må ta hensyn til i denne fasen. Ein må vektlegga **trygge relasjonar** mellom lærar-elev og elev-elev. Halde fram med **kontakt elev-nærværsløse**. God klasseleiing, der ein har tydelege klassereglar og rutinar kan vere avgjerande.

Tiltak skal dokumenterast i Stafettlogg.

Kva er skilnaden?

Bekymringsfullt fråvær

Bekymringsfullt fråvær er når ein elev har så mykje fråvær at det kan påverka læring, trivsel eller sosial deltaking. Det er essensielt å fanga dette opp tidlig, slik at ein får satt inn tiltak for å støtta eleven, samtidig som prinsipp og retningslinjer for fråværsføring blir fulgt for å sikra systematisk oppfølging.

Fråværet er høgt nok til å bekymra, men årsakane er ofte éin eller få faktorar som kan identifiserast og handterast relativt direkte (t.d. skulemotivasjon, kortvarig sjukdom, konflikt med lærer/klasse). Tiltak kan ofte rettast mot éin hovudårsak.


Målet er å betra oppmøte på skulen gjennom tidleg og koordinert innsats.

Komplekst bekymringsfullt fråvær


Komplekst bekymringsfullt fråvær er når ein elev har fråvær som skuldast fleire ulike faktorar samstundes, t.d. helse, psykisk belastning, familiebakgrunn, sosialt miljø, læringsutfordringar, motivasjon eller forhold heime og på skulen.

Slike situasjonar krev tidlig identifisering, grundig kartlegging og samarbeid mellom skule, heim og eventuelt andre instansar for å sikra at elev og heim får riktig støtte. Det er viktig å legge til at denne prosessen kjem til å ta tid, og det vil krevja tett og systematisk oppfølging og evaluering.

Målet er å sikra berekraftige løysingar når tidlege tiltak og innsats ikkje er nok.



Kort sagt: tiltaksfase 2 har som mål å forsterka og koordinera eksisterande innsats, medan tiltaksfase 3 inneber ei meir omfattande og heilskapleg tilnærming der fleire instansar samarbeidar tett over tid.



Trygt tilbake på skulen

Trygg tilbakeføring til skulen handlar om å støtte eleven i ein strukturert og gradvis overgang tilbake til ordinær skulekvardag. Målet er å sikra mestring tryggleik og varig skulenærvær, med realistiske krav og tett oppfølging,

Definisjon

“Trygt tilbake på skulen” inneber ein planlagt, tilpassa og føreseieleg tilbakeføring der målet er reell deltaking, meistring og tilhøyrslø - ikkje berre fysisk oppmøte.

Tilbakeføringa byggjer på innsikt i årsakane til fråværet, aktiv medverknad frå eleven og tett samarbeid mellom skule og heim, med fleksible løysingar som reduserer risiko for nytt fråvær.

Det er viktig at ein held fram med jamleg oppfølging, gjerne gjennom planlagde møter mellom skule og heim, og eventuelle aktive instansar, samt større evalueringar etter ca. 3 månadar

Aktuelle tiltak

- Elevmedverknad
- Individuell tilbakeføringsplan med delmål
 - Dagsplan, vekeplan og/eller månadsoversikter
- Trygge relasjonar mellom lærar-elev og elev-elev
- Faglege og sosiale krav må avklarast og vera realistiske
- Alternative løysingar
- Vidare oppfølging frå nærværslø
- Føreseieleg kvardag med struktur og rutinar
- Fråværsregistrering og systematisk oppfølging av fråvær
- Godt skule–heim samarbeid